

## Saksprotokoll i hovudutval for samferdsel og mobilitet - 17.02.2021

**Jenny Følling (Sp)** sette på vegner av Sp, MDG, A, SV og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet ønskjer å realisere bybanen til Åsane og understrekar betydninga av kontinuerleg utbygging av BT5.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine bekymringar når det gjeld kostnader, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering av bybanen, og rår ifrå å vidareføre Eidsvåg senter AS sitt alternative framlegg for BT5 i Eidsvåg:
  - a. Framlegget inneber i anleggsgjennomføringa omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som med stort sannsyn vil gje prosjektet store forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode.
  - b. Det alternative framlegget vil gje store meirkostnader knytt til fordyrande element, kompleksitet og forseinkingar.
  - c. Forslaget baserer seg på løysingar med fråvik frå vegnormalane og det er uklart om vegdirektoratet vil gje aksept til desse fråvika.
  - d. Med gjeldande finansieringsordning vil tilleggs løysingar ut over kostnadsrammene måtte dekkast inn med auka bruk av bompengar, alternativt risikere at prosjektet ikkje vert realisert.
3. Fylkesutvalet er positive til privat planarbeid for vidare byutvikling ved Eidsvåg lokalsenter, men legg til grunn at dette ikkje må føre til forseinkingar eller meirkostnader for bybaneprojektet eller omfattande bindingar for det offentlege planarbeidet for Bybanen til Åsane. Fylkesutvalet legg til grunn prinsipp om at dersom gevinsten av eit tiltak fyrst og fremst ligg hos ein privat part, bør den private parten dekke kostnaden av tiltaket, også meirkostnader som det private tiltaket medfører for utbygginga samla sett.
4. Bybaneutbygginga er eit økonomisk spleiselag og fylkesutvalet meiner planarbeidet må sikra at kostnadsnivået for BT5 vert halde lågast mogeleg.»

**Frank Willy Djuvik** sette på vegner av Frp, H og UA fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkesutvalet syner til vurderingane til fylkesrådmannen knytt til kostnader, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering;
  - a. Anleggsgjennomføringa i forslaget inneber omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som kan gje prosjektet forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode. Ein ber om at framdrift og kostnadskontroll vert vektlagt i handsaminga av forslaget.
  - b) Forslaget baserer seg på løysingar med fråvik frå vegnormalane og det er uklart om vegdirektoratet vil gje aksept til desse fråvika.
2. Fylkesutvalet er positive til privat planarbeid for vidare byutvikling ved Eidsvåg lokalsenter, men legg til grunn at dette ikkje må føre til forseinkingar eller meirkostnader for bybaneprojektet eller omfattande bindingar for det offentlege planarbeidet for Bybanen til Åsane. Fylkesutvalet legg til grunn prinsipp om at dersom gevinsten av eit tiltak fyrst og fremst ligg hos ein privat part, bør den private parten dekke kostnaden av tiltaket, også meirkostnader som det private tiltaket medfører for utbygginga samla sett.

3. Bybaneutbygginga er eit økonomisk spleiselag og fylkesutvalet meiner planarbeidet må sikra at kostnadsnivået for BT5 vert halde lågast mogeleg, og at eventuelle endringar ikkje medfører auka bompengar.»

### **Avrøysting**

Det vart ikkje røysta over fylkesrådmannen si innstilling.

Djuvik sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H og UA) og fall.

Følling sitt forslag vart vedteke mot 6 røyster (Frp, H og UA).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesutvalet ønskjer å realisere bybanen til Åsane og understrekar betydninga av kontinuerleg utbygging av BT5.
2. Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sine bekymringar når det gjeld kostnadar, gjennomføring, framdrift, risiko, kompleksitet og finansiering av bybanen, og rår ifrå å vidareføre Eidsvåg senter AS sitt alternative framlegg for BT5 i Eidsvåg:
  - a. Framlegget inneber i anleggsgjennomføringa omleggingar av hovudvegnettet mot Åsane av eit betydeleg omfang som med stort sannsyn vil gje prosjektet store forseinkingar og konsekvensar i ein lang anleggsperiode.
  - b. Det alternative framlegget vil gje store meirkostnadar knytt til fordyrande element, kompleksitet og forseinkingar.
  - c. Forslaget baserer seg på løysingar med fråvik frå vegnormalane og det er uklart om vegdirektoratet vil gje aksept til desse fråvika.
  - d. Med gjeldande finansieringsordning vil tilleggsløysingar ut over kostnadsrammene måtte dekkast inn med auka bruk av bompengar, alternativt risikere at prosjektet ikkje vert realisert.
3. Fylkesutvalet er positive til privat planarbeid for vidare byutvikling ved Eidsvåg lokalsenter, men legg til grunn at dette ikkje må føre til forseinkingar eller meirkostnadar for bybaneprojektet eller omfattande bindingar for det offentlege planarbeidet for Bybanen til Åsane. Fylkesutvalet legg til grunn prinsipp om at dersom gevinsten av eit tiltak fyrst og fremst ligg hos ein privat part, bør den private parten dekke kostnaden av tiltaket, også meirkostnadar som det private tiltaket medfører for utbygginga samla sett.
4. Bybaneutbygginga er eit økonomisk spleiselag og fylkesutvalet meiner planarbeidet må sikra at kostnadsnivået for BT5 vert halde lågast mogeleg.